

Tilflytting til småstader og distrikt. Kva tiltak verkar? Ein kunnskapsstudie av utviklingsrelevante norske bidrag frå perioden 1999 – 2009.

Dag Jørund Lønning, Nordlandsforskning

Håvard Teigen, Høgskulen i Lillehammer

Innhald

Stor trong for avklaring og definisjon	2
Ein fånyttes kamp mot ”straumen”?	3
Lite kunnskap om tilflyttingsbygda	4
Tilbakeflyttaren – den arketypiske distriktstilflyttar?	4
Enno større trong for operasjonisering	5
Kva skal til for at fleire flyttar til distrikta?	6
Kva skal til for at fleire menneske skal flytta til <i>denne konkrete staden</i> ?	8
Effektive tiltak for å trekkja fleire til småstader	9
Arbeid med å få tome gards- og småbruk på sal	9
Langvarig kontaktskapande arbeid mot potensielle interessentar og livsstilsflyttarar	10
Tilgjenge på bustader generelt, og gjerne alternative buformer	10
Omdømmearbeid, generell positivitet og endringsorientering	11
Satsa på innvandring	11
Oppsummering	12
Referansar	13

Om studien

Dette arbeidet er ein kunnskapsstudie vedrørande temaet tilflytting, då med vekt på norsk litteratur og funn frå perioden 1999 – 2009 som er relevante for lokale og regionale samfunnsutviklingstiltak. Studien viser at tilflytting til bygd/distrikt i liten grad er utvikla som eige tema i forskningslitteraturen, og enno mindre operasjonalisert i høve til det å tilrå aktuelle tiltak. Rapporten er difor ein første og avgrensa freistnad på å visa korleis ei slik operasjonalisering eventuelt kan utformast.

Hovudargumentet er at fokuset må flyttast frå det generelle og overordna spørsmålet om tilflytting til by versus land, og heller fokusera på kva som kan gjerast for å trekkja fleire menneske til denne konkrete staden. Aktivitetar og tiltak må definerast utifrå stadleg særpreg og lokale menneskelege interesser og ressursar. Tilflytting som tema vil då både kunna definerast og operasjonaliserast og ein vil og ha langt større høve til å lukkast med tiltak.

Oppdraget er gjennomført i løpet av fire vekeverk, og inkluderte også kunnskapsstudiar om omdømmebygging, lokal mobilisering/medverknad og stadutvikling. Utrekna har det såleis berre vore rom for om lag eit vekeverk på dette arbeidet. Oppdragsgjevar er Kompetansesenteret for Distriktsutvikling, og studien er gjennomført av dr. philos Dag Jørund Lønning, seniorforskar ved Nordlandsforskning og professor Håvard Teigen ved Høgskulen i Lillehammer. Lønning har gjennomgått den aktuelle litteraturen og skreve utkastet til rapporten, medan Teigen har kommentert og fylt ut undervegs.

Stor trong for avklaring og definisjon

All flytting handlar om frå- og tilflytting. Alle menneske som flyttar, flyttar frå og til ein stad. Dette gjeld både for byar, bygder og distrikt. Dei siste tiåra har me likevel sett at det jamt over flyttar nokre fleire menneske mot byen og dei bynære stroka enn det flyttar menneske andre vegen.

Dette gjer at mange småsamfunn etter kvart får preg av å vera såkalla ”uttynningssamfunn” (Aasbrenn 1989, 1993, Wiborg og Anvik 2000), samfunn som merkar folketalsnedgangen over tid i form av aldrande befolkning og gradvis forverring i tenestetilbod og aktivitetsnivå. Minkande folketal kan difor få konsekvensar for både tenesteyting, livskvalitet og trivsel (Ibid, Johansen 2009). Innflyttarar er såleis naudsynte for å ta vare på både framtid- og investeringslyst så vel som stadlege kvalitetar.

Samstundes gjer den urbane veksten seg i dag gjeldande meir eller mindre over heile kloten. Årsakene er samansette. Det handlar om omfattande strukturelle samfunnsendingar, men også om trendar og straumdrag. Denne overordna ramma vil naturleg nok alltid vera til stades i spørsmålet om tilflytting til distrikta. Problemet, når ein ser på dei vinklingane som er valt i fleire av dei større demografiske studiane av dette fenomenet, er at denne konteksten får alt for *stort* rom og vert for determinerande i negativ forstand.

Dette har alvorlege konsekvensar som reduserer handlingsrommet for distrikta. *For det første*, når oppgåva vert definert som generell folketalsvekst i distrikta, vert den meir eller mindre

uoverkomeleg i utgangspunkt. Dette perspektivet pregar den aktuelle litteraturen på feltet. Det er langt mellom dei ”optimistiske” bidraga, og såleis lite støtte å henta for lokale og regionale tilflyttingstiltak. *For det andre* er det gjort svært få freistnader på å definera bygd og distrikt som *tilflyttingsarenaer*. Bygda, distriktet og småsamfunnet har vore sentrale demografisk forskingstema både nasjonalt og internasjonalt i lang tid, men då som dei arenaer ein flyttar frå. *For det tredje* pregar denne typen bias vektlegging og omgrepsbruk i ei rekkje av dei eksisterande studiane av tilflytting til distrikta. Orda ”tilbakeflyttar” og ”tilbakeflytting” er langt vanlegare enn ”tilflyttar” og ”tilflytting” i mykje av denne litteraturen. Det er vanskeleg å sjå noko logisk årsak til denne skeivheita, ikkje minst ettersom dei fleste studiar er klare på at tilflyttarar er naudsynte for å vega opp for at mange flyttar ut og enno færre av desse kjem attende.

Me skal sjå litt nærare på desse utfordringane.

Ein fånyttes kamp mot ”straumen”?

Flyttinga frå ”periferi” til ”sentrum” har utgjort sentrale delar av både den strukturelt orienterte forteljinga om det ”det store hamskiftet” og det meir livsstilsinspirerte narrativet om ”urbaniseringa”. I den første flyttar mennesket frå bygda fordi det må, i den andre i langt større grad fordi det har lyst.

Denne vedvarande nedgangsforteljinga om småstaden har resultert i ei rekkje negativt ladde omgrep og seiemåtar som i seg sjølve har vorte dominerande i den offentlege debatten. Metaforen ”flyttestraumen” er kan hende det viktigaste dømet. Her hentar ein eit språklege bilete frå naturkreftene (straum), og overfører det på ein prosess som er skapt av menneskelege val og politiske preferansar. Resultatet er at oppgåva for den stad som måtte ynskja å gjera noko for å hindra fråflytting synest uoverkomeleg i utgangspunktet (å snu den retninga elva naturleg renn). Mange stader har freista, og omgrepet ”å snu flyttestraumen” har vorte svært ofte nytta både i media og i kommunale planar dei siste tiåra. Metaforen dukkar og opp i forskingslitteraturen om demografiske endringar i Noreg, og tilflytting til distrikts-Noreg vert då ”motstraumshandling” (jmf. Skålholt 2008).

Når ein metafor vert så dominerande at me sluttar å stilla spørsmål ved den, står me overfor det Lakoff og Johnson (2003) kallar ein ”konvensjonell metafor”, ein seiemåte som har vorte ein naturleg del av språk og verdsbilete. Når denne tilstanden er etablert, er konklusjonen gjeven på førehand og slik forsvinn og alle nyansar. Det er svært lite rom for optimisme, og få konkrete tilrådingar til dei mange som faktisk ønskjer å setja tilflytting til distrikta på dagsorden og arbeida aktivt med tiltak.

Følgjande konklusjon er eit godt døme:

Med en så lav innflytting til periferien eksisterer det naturligvis et stort befolkningspotensial for mer tilflytting. Dette potensialet øker over tid, fordi en stadig større andel av barnekullene i landet vokser opp i sentrale strøk. Ingenting er så galt at det ikke er godt for noe: Hvis tendensen til å ville flytte mot strømmen plutselig tar seg opp, er det et stort og økende potensial i byområdene (Sørli 2009:7).

Utifrå den forståingsramme denne påstanden er plassert i (”straumen mot byen”), er den sjølvstakt ikkje ”feil” i seg sjølv. Særleg utviklingsrelevant er påstanden likevel ikkje. Den

einaste handling som eventuelt kan utleiast av ein slik konklusjon er stillesitjande venting på at ”tidene skal bli betre” og ”straumen eventuelt vil snu”..

Lite kunnskap om tilflyttingsbygda

Det flyttar og mange menneske *til* norske distrikt og bygder, men både desse og historiene deira blir fort borte i den store og overordna forteljinga om byveksten. Dersom 8 menneske flyttar inn i ei grend og 10 ut, er det desse 10 me har fokusert på og som me veit desidert mest om.

Samanlikna med det fokus som har vore på ”flyttestraumen”, er forskning på flytting *til* bygda spreidd og sporadisk. Me finn nokre norske bidrag det siste tiåret, men det som kjenneteiknar dei fleste av desse er at dei i stor grad er bestillingsverk (gjerne frå nasjonale, regionale eller lokale styresmakter i samband med etableringa av tilflyttingsprosjekt eller framlegging av regional/distriktsmeldingar). Der me finn europeiske døme på at tilflytting til bygda har vore utgangspunkt for lengre og større forskingssatsingar (m.a. fokuset på den såkalla ”kontraurbaniseringa”; menneske med mellomklassebakgrunn som søker seg til landsbygda for å kunna leva eit annleis liv enn det byen gjev rom for (e.g. Escribano 2007, Mitchell 2004)), er det lite av den same interessa å spora innanfor norsk demografisk forskning. Heller ikkje fenomenet med aukande internasjonal tilflytting til norske bygdesamfunn synest å ha vakt særleg interesse i forskingsverda (kanskje fordi det i seg sjølv ikkje er omfattande nok til ”å snu flyttestraumen”?).

Tilbakeflyttaren – den arketypiske distriktstilflyttar?

Det å sjå på tilflytting til bygd og distrikt er såleis eit lite utbygd forskingsfelt. Eit påfallande trekk ved fleire av dei studiar som faktisk er gjort, er at desse i stor grad omtalar tilflytting til bygda som ”tilbakeflytting”. I ein studie av eventuelle hindringar for tilflytting til Valdres og Hallingdal er det berre utflytte og personar med tilknytning til regionane som i det heile er inkluderte i utvalet (Grimsrud 2005). Dette gjev ikkje eit utfyllande oversyn over tilflyttingspotensialet til desse regionane. Vektlegging av den som eventuelt flyttar tilbake finn me fleire døme på i litteraturen, og ord bygd opp rundt tilbakeflyttar/-ing er gjerne langt vanlegare enn orda tilflyttar/-ing (e.g. Holm og Vik 2006, Holm og Stræte 2006, Wiborg 2005). Følgjande påstand er eit døme på denne vektlegginga:

Tilbakeflytting har med røtter å gjøre. Få av de som er oppvokst i sentrale områder flytter til distriktene eller til mindre sentrale områder. Distriktskommunene konkurrerer dermed først og fremst om unge fra andre befolkningsknappe områder, og i mindre grad om unge fra byområder (Holm og Vik 2006:6).

Her vert det gjeve lite von om fornying og endring i distrikta. Slike påstandar kan sjølvsagt og berre vera korrekte på eit sær overordna nivå. Faktisk kunne nesten halvparten av den norske bybefolkninga *tenkt* seg å flytta til distrikts-Noreg.¹ Det finst og mange lokale døme på at slik tilflytting skjer. T.d. viser Nesje (2008) at 40% av innflyttarane i Bykle i Setesdal er nykomarar og berre 10% tilbakeflyttarar. I ei gjennomgang av befolkningsutviklinga i dei småkommunar som var med i set såkalla ”Utkantprogrammet”, viser Ryntveit (2002) at 38%

¹ Sjå: <http://www.nationen.no/nyhet/article3460945.ece> Sist vitja 04.12.09

av innbyggjarane i utkantkommunane er tilflyttarar, 26% er tilbakeflyttarar, 36% har budd i kommunen heile livet.

Mange unge i byen kunne og tenkja seg ei framtid på bygda (Lønning 2000). Vidare finst det menneske som ”er oppvokst i sentrale områder” nærast i kvar grend i dette landet, og desse har ofte med seg nye initiativ og idear som vert viktige for den vidare utviklinga i det samfunnet der dei slår seg ned.

”Den nye bygda” (Almås, Haugen, Villa og Rye 2008) er prega av aukande mangfald, og ved å framleis tvihalda på ”tilbakeflyttaren” som den arketypiske bygdeinnflyttar, er det ein stor risiko for at dette mangfaldet ikkje kjem fram. For å halda oppe folketalet vil det både vera viktig å folk til å bli verande på staden og å få flest mogleg av dei som har reist ut – m.a. for å få utdanning – til å venda tilbake. Summen av desse to tiltaka vert likevel alltid negativ. Dette er og undrestreka avl Skålholt og Batt-Rawden (2008) i deira gjennomgang av erfaringar frå tilflyttingsprosjekt. Dei fleste av desse prosjekta viste seg i røynda å vera ”tilbakeflyttingsprosjekt”, men tilbakeflytting av nokre av dei utflytte vil aldri vera nok for å demma opp for folketalsnedgang.

Menneske vil uansett flytta bort frå ein stad, og i ei mangfaldig verd prega av store rom for val vil berre eit mindretal av dei som dreg ut for å ta utdanning venda attende til heimstaden. Skal folketalet veksa eller haldast på eit rimeleg nivå, er ein såleis heilt avhengig av *tilflyttaren*. Det er og denne personen som representerer det nye og ukjende. Det er han eller henne me lyt tenkja nytt for å nå, og slik sett kan ein og hevda at meir av kunnskapsproduksjonen rundt tilflytting til bygda burde hatt dette fokuset.

Det å flytta tilbake til staden ein kjem frå, er openbart eit viktig aspekt ved demografiske endringar over tid. Samtidig peikar Grimsrud (2000:77) på at ”[d]e som flytter tilbake til oppvekstkommunen utgjør knappe 20 prosent av årskullene og andelen synker stadig”. Det er og lite som tyder på at tilbakeflytting er viktigare for Oslo-studenten frå Hallingdal enn det er for Oslo-studentar frå småbyar som Haugesund eller Arendal. Med andre ord; me høyrer sjeldan om ”tilbakeflytting” til byen, men samstundes føreligg det ingen eintydige prov på at tilbakeflytting er eit spesielt bygde- eller distriktsfenomen. Ei vedvarande prioritering av tilbakeflytting framfor tilflytting som forskingsfokus kan potensielt medføra at nye opningar og tiltak ikkje vert identifiserte og utvikla.

Denne gjennomgangen fortel om eit behov for meir målretta forsking på dette feltet. Me treng langt meir kunnskap om distriktstilflyttaren. For at denne kunnskapen faktisk skal vera relevant for dei mange kommunar og regionar i Noreg som har sett tilflytting på dagsorden, må den i størst mogleg grad vera frigjort frå dei tendensar som er skildra over.

Enno større trong for operasjonalisering

Ei vidare utfordring i høve kunnskapsproduksjon om tilflytting til distrikta er at alle som bur i desse områda i dag kjenner til at fleire flyttar til byen enn omvendt. Slik sett er det knappast behov for enno fleire studiar som seier det same. Det er derimot stor etterspurnad etter kunnskapsbaserte framlegg til tiltak. Når konteksten er samfunnsutvikling, må temaet *tilflytting til distrikta* konkretiserast og operasjonaliserast. Skal det gje meining å inkludera tilflytting som eit eige tema i distriktsutvikling og -politikk, må ein ha utgangspunkt i at

flytting *kan* påverkast gjennom tiltak. Retorikken kan difor ikkje lenger byggjast opp rundt noko som er fånnytt i utgangspunktet (å snu straumar), men ha fokus på konkrete verkemidlar og satsingar.

Påverknad av flytting kan i utgangspunktet tenkjast på to nivå:

1. Kva skal til for at fleire menneske skal flytta til distrikta?
2. Kva skal til for at fleire menneske skal flytta til denne konkrete staden?

Dette er vesensforskjellige tilnærmingar, men ein gjennomgang av den avgrensa litteraturen som finst om flytting til distrikts-Noreg fortel at ein i liten grad har gått opp denne grensengangen. Dei fleste eksisterande studiar ønskjer å seia noko generelt om tilflytting til distrikta, også dei som berre har empiri som er avgrensa til ein stad eller region. Samtidig vil denne prioriteringa sterkt avgrensa rommet for å kunna tilrå konkrete utviklingstiltak. Det er både vanskeleg å finna generelle flyttemotiv som gjer flytting mot distrikta særleg annleis enn flytting andre vegen, og det er tilsvarende vanskeleg å finna motiv som både er einsarta for flytting til heile distrikts-Noreg *og* som kan omgjerast til konkrete tiltak. Me skal sjå litt nærare på desse utfordringane.

Kva skal til for at fleire flyttar til distrikta?

Denne overskrifta uttrykkjer eit viktig tema i fleire demografiske studiar av befolkningsutvikling i distrikts-Noreg (Sørli 2008, 2009, Skålholt 2008). Likevel er det ingen kjem fram med noko tydeleg svar på spørsmålet. Fleire kvalitative studiar understrekar at flytting i seg sjølv er eit svært komplekst tema (Grimsrud 2000, Wiborg og Anvik 2000). Ingen motiv er einsrådande, og ofte vil menneske som flyttar ha ei rekkje samansette forteljingar og grunngevingar både for kvifor ein vurderer flytting og kvifor ein faktisk flytta.

Kvalitative undersøkingar gjev oss djuptgåande motiv, men kan aldri vera ”representative” i statistisk forstand. Nettopp gjennom å få fram kompleksiteten knytt til flytting, stiller desse studiane like vel spørsmål ved om kvantitative flyttemotivundersøkingar – på si side – kan gje oss meir enn svært omtrentlege svar. Her vert menneske ”tvinga” til å velja mellom kategoriar som kvar ikkje vert oppfatta som utfyllande, og sjølv om ein kan velja fleire svar treng heller ikkje summen av desse vera dekkande for motivasjonsgrunnlaget.

Fleire undersøkingar dei seinare åra viser at svært mange nordmenn kunna tenkja seg å flytta ut i distrikta (Lønning 2009a, sjå og fotnote 1). Samstundes må ein først og fremst sjå dette som eit potensial, ettersom demografisk forskning og syner at det folk kunne tenkja seg slett ikkje treng vera det dei faktisk gjer (e.g. Vestby 2003).

Ei nasjonal undersøking om motiv for gjennomført distriktstilflytting viser såleis at ”arbeid”² framleis er ein viktig årsak til at ein flyttar – og faktisk eit enno viktigare motiv for dei som

² Det er likevel viktig å understreka at kategorien arbeid i seg sjølv har endra fundamentalt karakter dei siste tiåra. Før flytta folk fordi det ikkje fanst arbeid i det heile. Forstått på denne måten, er arbeid i dag langt nede på lista over flyttemotiv (Nordisk Ministerråd 2002). No er det likevel knappast mangel på arbeid i seg sjølv i noko norsk kommune i dag. No flyttar folk i staden til arbeid ein sjølv oppfattar som *interessant og relevant i høve egne verdjar og interesser*. Arbeid har såleis vorte underordna interesser og verdjar. Slik sett kan ein like godt hevda at denne flyttinga er interesse-relatert.

flyttar til distrikta – men at også omsynet til staden, miljøet, bustaden og naturen har vorte viktigare (Sørli 2009). Mange av dei som flyttar til distrikts-Noreg gjer det såleis grunna ein interessant og relevant jobb. Ein stor del av dei som flyttar til distrikta i dag har høgare utdanning (Wiborg og Anvik 2000), og her spelar såleis offentleg sektor ei vesentleg rolle (Ibid). Vekst i offentleg sektor har difor tilført kompetanse til bygdene, og vore med og demma opp for tilbakegangen innanfor primærnæringane. Samstundes er det framleis slik at brorparten av arbeidsplassane for dei høgare utdanna finst i byar og såkalla ”sentrale strok”, og dette er ei stor utfordring for bygder og distrikt i ei tid der stadig fleire tek høgare utdanning.

Dette er generelle og viktige poeng, men i seg sjølv lite relevante for utviklingsaktørar som ønskjer å leggja til rette for tilflytting. Det går an å vona på at fleire statlege arbeidsplassar vert etablerte i distrikta, men utover dette gjev rammene for eit lokalt/regionalt tiltaksprosjekt knappast rom for særleg mange nye arbeidsplassar for høgare utdanna. Det er og svært tvilsamt at dette vil vera den beste bruken av slike avgrensa midlar. Slik sett er det truleg meir produktivt på sikt å arbeida for å trekkja menneska først, og vona at nye impulsar og idear kan medverka til ny næringsutvikling. Definert på denne måten vert tilflytting også næringsutviklingspolitikk. Det finst døme på at slike strategiar verkar (Lønning 2008), sjølv om det knappast finst studiar nok til å kunna seia noko generelt om dette.

I oppbygginga og målretting av denne typen tiltak, vil utviklingsaktørar ha meir att for å gå inn i resultatane av flyttemotivundersøkingar som er knytt til mindre regionar og område. Her spør ein ikkje lenger om kvifor folk flyttar til distrikta, men kvifor dei flyttar til *denne aktuelle staden/regionen*. Det interessante er at svara vert til dels annleis. Ei landsomfattande flyttemotivundersøkinga kan berre gje generelle svar, og den kan knappast svara på kvifor folk flyttar til Bykle i Øvre Setesdalen. I ei kvantitativ gransking av tilflyttinga til denne kommunen, får Nesje (2008) fram følgjande resultat:

- 43 % fortalde at spennande jobb tilbod i Bykle var medverkande til at dei flytta frå den kommunen dei budde sist.
- 41 % meiner at kjennskap til Bykle og gode offentlege tenester hadde stor eller noko innverknad på valet om å flytte til Bykle
- 46 % seier at høvet til kontakt med naturen hadde stor eller noko innverknad på flytte-valet
- 61 % peikar på at bustadprisane i Bykle var viktige for at dei flytta, men samtidig legg også fleire vekt på at det er vanskeleg å få seg hus i kommunen
- 53 % la vekt på at Bykle er ”trygt og godt” når dei bestemte seg for å flytte
- 41 % meinte at Bykle som god stad for familiar med barn påverka flytteavgjerda deira (Ibid 2008:75).

Tilgjenge på bustader i kommunen peikar seg her kanskje ut som eit aktuelt fokus for nye tilflyttingstiltak? Undersøkinga gjev uansett eit langt meir konkret utgangspunkt for lokal handlingsoperasjonalisering.

I ei liknande undersøking om tilflytting til dei øvre kommunane i Gudbrandsdalen, viser Skålholt (2008) at det flest respondentar oppfattar som *svært viktig* grunn til at flytta til

regionen er ”oppvekstmiljøet”. ”Arbeid” og ”det å leve sjølvstendig” kjem på ein delt andreplass, men ”naturen” like bak. Når respondentane då vert spurte kva dei meiner regionen bør marknadsføra for å få fleire innflyttarar, svarar dei fleste ”naturen” og ”fridomen ved det å bu spreidd” (ibid).

At Gudbrandsdalen openbart øver ei spesiell tiltrekking på fridomssøkjjarar, er sjølv sagt eit poeng ein i så høve kan nytta i lokal og regional tiltaksutforming (og arealplanlegging).

Når menneske skal svara utifrå flytting til eigen stad og kvalitetar ved denne, vert svara både meir konkrete og ofte annleis. Ei spørsmålsstilling som er forma generelt rundt kvifor folk flyttar til distrikta kan kritiserast for å ta for gjeve at det å flytta til Grane i Nordland, Utsira i Rogaland og Skjåk i Oppland er meir eller mindre det same. Tek ein med seg påpeikinga vår over om at flytting er eit sær s komplisert og samansett fenomen, vil ei rekkje av motivasjonane og grunngevingane kunna vera knytt til den stadlege skilnad og det særpreg som på kvar sin måte pregar desse stadene. Og vidare; slik stader er ulike er og me menneske ulike. Me har like preferansar og verdiar, og den som vil kunna trivast på Utsira treng slett ikkje vera den same som vil trivast i Skjåk (jmf. Lønning 2000, 2003). Våre verdiar og interesser har stor innverknad for kor vidt me ser byen eller landsbygda som den ideelle ramma for våre liv (ibid).

For den som skal arbeida med tilflytting vert desse nyansane mellom stader og menneske svært sentrale. Det er desse det i første omgang kan gjerast noko med. Blant dei menneske som søker verdiane me på vår stad kan tilby finn me dei potensielle tilflyttarane (Lønning 2000, 2003, 2007). Det er dei me lyt koma i kontakt med gjennom tiltaka våre.

Det er såleis gode argument for at kunnskapsinnhenting og –oppbygging rundt tilrettelegging for og stimulering av tilflytting først og fremst bør ha følgjande fokus:

Kva skal til for at fleire menneske skal flytta til *denne konkrete staden*?

Når utfordringa vert definert på denne måten, kan ein leggja dei store spørsmåla om urbanisering og kamp mot overordna ”flyttestraumar” til side. Mange av svara på denne utfordringa – i alle høve dei ein vil vera i stand til å gjera om til tiltak – er lokale. Nokre kan vera svært lokale, og bli definerte på grendenivå. Me har såleis døme i litteraturen på at grender internt i ein kommune opplever folketalsvekst etter lokalt tiltaksarbeid, medan kommunen opplever nedgang. Den vesle grenda Finnøy i Hamarøy kommune – ei av dei bygdene i kommunen som ligg lengst frå kommunesenteret – er eit godt døme på dette (Lønning 2009b). Her har lokalsamfunnet gått saman og etablert ”Tilflyttingsbygda Finnøy”, eit lokalsamfunn som inkluderer nykomaren frå dag ein som del av fellesskapen, som arbeider med å skaffa husvære til nye, og som kontaktar potensielle tilflyttarar og introduserer dei til bygda. Resultatet er nye barnefamiljar og tilflyttarar både frå Noreg og Mellom-Europa, vekst i folketalet, lovnader om ny veg, og ny optimisme for framtida (ibid).

Tilflytting definert på denne måten handlar om å byggja på eigne ressursar og få fram eigne fortrinn. Det handlar om at vekstkraft må koma nedanfrå (Stortingsmelding 25), og at det er dei gode lokale prosjekta som vil vinna i kampen om dei mange som faktisk både ynskjer å flytta til bygda og gjer det.

For å seia dette på ein annan måte: Utover det generelle arbeidet for lokal og regional utvikling (infrastruktur, næringsutvikling, kultur, osv.) er det er knappast mogleg med ”tiltak” som vil gjera at fleire menneske flyttar til bygda/distrikta, men det er absolutt mogleg med tiltak for å få fleire til å flytta til *min* eigen stad.

Tilflytting som samfunnsutviklingstiltak må handla om dette siste. Dette vil og medføra at ein opphevar det til dels kunstige skiljet mellom bygd og by som så lett påverkar denne debatten. Det å arbeida for tilflytting tyder at ein tek *bulyst* (Lønning 2003, Skjeggedal 2000, Skålholt 2008) og menneskeleg fridom til å busetja seg kvar ein vil (jmf. Stortingsmelding 21) på alvor, og arbeider konstruktivt både med å marknadsføra eigen stad, få fram eigne komparative fortrinn og å leggja best mogleg til rette for dei som kjem.

Ein arbeider såleis for at flest mogleg flyttar *til*, men det vil heller ikkje vera avgjerande for suksess at desse er fleire enn dei som dreg andre vegen. Fokuset ligg i staden på dei som eventuelt kan koma og dei som kjem. I staden for ein fånytted og uttrøytande ”kamp” mot ein uovervinneleg ”motstandar” – urbaniseringa – ligg fokuset på dei lokale ”sigrane”, på dei menneske som kjem flyttande og/eller som ynskjer å bu/busetja seg på denne staden.

Denne distinksjonen mellom (a) flytting til distrikta generelt og (b) flytting til *denne konkrete staden* (det vere seg bygd eller by), er knappast fanga opp i norske demografiske studiar. Dette tyder at den staden som ønskjer å setja tilflytting på dagsorden diverre har svært lite *utviklingsrelevant* kunnskap å byggja på. I det følgjande vil me likevel freista å summera opp den som finst og synleggjera nokre tiltak som me faktisk veit har effekt.

Effektive tiltak for å trekkja fleire til småstader

Arbeid med å få tome gards- og småbruk på sal.

Det finst tomme gards- og småbruk i landet. Dei aller fleste av desse vert verande tomme grunna anten uinteresserte eigarar, eller eigarar som berre brukar husa ei veke i året til ferieføremål. Samstundes veit me at lista over interessentar og frammøtte på visning er lang nærast kvar gong eit småbruk i rimeleg stand ein sjeldan gong kjem på sal. Dei fleste eigedomssider på nettet har og no eigne søke kategoriar for ”småbruk”.³ Nettsida gardbruk.no, eit samarbeid mellom Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Noregs Bygdeungdomslag og Natur og Ungdom for formidling av ledige gardsbruk, har om lag 20 000 brukarar innom i månaden.⁴ Meiningsmålingar fortel vidare at så mange som 400 000 nordmenn kunne tenkja seg eit småbruk.⁵ Og med alle moglege atterhald for at det store fleirtalet av desse kan hende aldri kjem til å gjennomføra planane; talar vitnar uansett om eit *stort* potensial for nye tilflyttarar.

Ein vesentleg årsak til småbruket sin attraksjonskraft er at dette på mange vis representerer bygda sine attraksjonar i eit nøtteskal – attraksjonar som fridom, rom, nærleik til natur og dyr, gode oppveksttilhøve, osv (Lønning 2007). Det er såleis livsstilen meir enn

³ Sjå og: <http://www.nationen.no/nyhet/article3721637.ece> Sist vitja 04.12.09

⁴ <http://www.gardsbruk.no/om-gardsbruk/> Sist vitja 04.12.09

⁵ Sjå: <http://www.nationen.no/landbruk/article3458460.ece> Sist vitja 04.12.09

næringspotensialet som lokkar fleirtalet av dei interesserte (ibid), og dette gjer sjølv dei aller minste bruka aktuelle som bustader for nykomarar i bygdesamfunn.

Trass dette etter kvart veldokumenterte potensialet, er det framleis berre gjennomført *ein* større studie av det potensialet småbruket representerer for å trekkja nye innbyggjarar til distrikta. Henry Mæland sitt arbeid *Mange vil ha men få vil selje* (Mæland 2005) summerer opp resultat frå det såkalla ”småbruksprosjektet” i Vest-Telemark. Gjennom å få ledige bruk ut på sal hadde ein i perioden 2001 – 2004 klart å få nye folk på 65 bruk. Dette utgjorde over 300 (!) tilflyttarar til Vest-Telemark, ein region der nesten alle kommunar har fallande folketal. Dette resultatet er oppsiktsvekkjande, og vitnar om eit av dei aller mest vellukka lokale tilflyttingsprosjekt i bygde-Noreg til no.

Studien fortel inngåande om korleis prosjektet vart gjennomført, ikkje minst om korleis ein gjennom lengre og variert arbeid faktisk lukkast med å overtala mange eigarar av fråflytte småbruk til å selja. Arbeidet fortel og mykje om kven småbrukssøkjaren er og kva ressursar denne kan tilføra lokalsamfunnet. Dette arbeidet er såleis svært nyttig lesnad for kommunar og regionar som ønskjer ei tilsvarande satsing.

Det er elles å vona at det vert sett i gang fleire studiar av småbruket som tilflyttingsressurs.

Langvarig kontaktskapande arbeid mot potensielle interessentar og livsstilsflyttarar

Arbeidet med småbruksprosjektet er i stor grad fokusert mot livsstilsflyttaren, han eller ho som søker spesielt etter det byen ikkje kan tilby. Det å koma i direkte kontakt med denne gruppa har vist seg som ein svært effektiv måte å trekkja nye tilflyttarar til bygda. Her har Tinn kommune i Telemark vore føregangskommune over mange år (Førland og Lysgård 2003). Eldsjela Siri Strandrud i kommuneadministrasjonen har meir eller mindre på eiga hand bygd opp ei storsatsing på både kontaktskapande verksemd over for potensielle nykomarar, og ikkje minst inkluderingstiltak overfor dei mange som har kome flyttande grunna denne satsinga.

Førland og Lysgårds sin ”Best practice”- studie av dette arbeidet kom allereie i 2003, men er framleis den mest gjennomgripande dokumentasjonen av arbeidet i Tinn. Arbeidet presenterer dei mange nettverks- og kontaktskapande aktivitetar som er gjennomførte i Tinn, og gjev konkrete tilrådingar til tiltak som truleg vil kunna overførast også til andre bygdar.

Tilgjenge på bustader generelt, og gjerne alternative buformer

Satsing på å få ledige småbruk og tomme hus ut på sal har vore ein vesentleg del av tilflyttingsarbeidet også i Tinn (Lønning 2007, Mæland 2005). Ei generell mangel på ledige husvære er i dag eit reelt trugsmål mot tilflytting i mange kommunar i landet. Ein studie av dette fenomenet i Troms og Finnmark forklarar husmangelen med manglande nybygging i fråflyttingsområda (Nygaard, Ness, Kvidal 2009). Få eller ingen ønskjer å bygga nytt og risikera umiddelbart verdifall, og eksisterande husmasse er såleis eldre enn 15 år. Det finst difor få eller ingen ledige hus til sal/utleige. Dei stader som har ledige hus, har såleis ei føremon i kampen om tilflyttarar (ibid).

Det seier seg sjølv at tilgjenge til ein stad å bu er avgjerande om ein skal kunna trekkja folk til staden. Samstundes tyder fleire studiar også på at alternativ bustadplanlegging som gjer rom for andre måtar å leva bygdelivet på, i seg sjølv kan vera effektive rekrutteringstiltak. Dette kan dreia seg om store tomtar og/eller landsbystruktur, men det kan og handla om nye former for høghus, slik tilflyttingsprosjektet BliLyst i Sør-Trøndelag søkjer å få til (Harang og Sørli 2007). Her er det rom for mange og nye idear i åra framover.

Omdømmearbeid, generell positivitet og endringsorientering

Ønsket om å flytta til ein bestemt skjer utviklar seg ikkje isolert og/eller i eit vakuum. Som me har sett er flyttemotiv samansette. Ein stad som søkjer tilflytting må sjå denne satsinga i samheng med det breiare arbeid med å skapa attraktive levestader, utvikla nye næringar og i det heile vera open for nye satsingar og idear. Over nemnde me Finnøya i Hamarøy som døme. Fyresdal – nok ein gong i Vest-Telemark – er eitt av dei fremste døme i landet på ein liten distriktskommune langt frå næraste by som klarar å oppnå vedvarande vekst i folketallet gjennom heile den siste tiårsperioden (Lønning 2007, 2008). Årsakene botnar nettopp grunna i ei sterk og gjennomgripande endringsorientering som gjev både nykomar og nye idear grobotn og spelerom. Kommunen var først til å dela ein stor gard opp i mange små for å trekkja til seg småbruksinteresserte (det såkalla Haasum-prosjektet). Dette sette kommunen på kartet, og var det første i ei lang rekke tiltak og satsingar der denne vesle staden har vore først ute. Utetterretta omdømmearbeid som har nådd både til Oslo og heilt til Mellom-Europa er ein vesentleg del av dette (ibid.).

Fyresdal er eitt av mange tilflyttingsprosjekt i landet. Skålholt og Batt-Rawden (2008) har sett nærare på fleire av desse og peikar på at få av tilflyttarane dei intervjuar kom til den aktuelle regionen utelukkande *grunna* prosjektet i seg sjølv. Dette er i så høve berre ei understreking av at tilflytting heng saman med andre satsingar og fremjingar av staden. Omdømmebygging er sentralt både for lokal identitet og andlet utetter, og dette er faktorar som også påverkar andre sine ønskje om å flytta til denne staden (Lønning 2009a).

Satsa på innvandring

I Stortingsmelding 21 skriv regjeringa at ”Vi har ein svært liten folkeauke å fordele geografisk kvart år. I 2002 auka folketallet med 28 000 personar. Innvandrarar og flyktingar utgjorde om lag halvparten av auken” (Stortingsmelding 21: 10). Ei rekkje tilflyttingsprosjekt rundt i landet har sett behovet for å henta nykomarar utanfor landegrensene og satsar gjennom profesjonelle rekrutteringsaktørar på å få familiar og einskildpersonar frå europeiske land som Nederland og Tyskland til å slå seg ned i små bygdesamfunn (Skålholt og Batt-Rawden 2008). For dei som kjem representerer den småstaden mange nordmenn flyttar frå gjerne reine paradiset, og det er mange individuelle forteljingar om livsstilsreiser frå travle europeiske storbyar til freden på den norske landsbygda (Lønning 2007).

Etter kvart som den internasjonale mobiliteten aukar, kjem dette fenomenet truleg til å veksa seg enno sterkare. Her er det såleis potensial for mange norske småkommunar.

Samstundes er det eit sær viktig tema som lett forsvinn i denne debatten. Dei grupper regjeringa skriv om som viktige for folketalsauke i sitatet over er stort sett fråverande i desse tiltaksprosjekta. Der nederlendaren vert sett på som ein ressurs, er det diverre ofte slik at

nykomaren frå Asia, Latin-Amerika eller Afrika vert definert som det motsette. Sjølv om me og har mange positive historier om integrering i distrikts-Noreg, er det framleis ingen kommunar som har vilja ”satsa” på denne kategorien nykomarar slik ein ”satsar” på t.d. nederlendarar. . (men sjå Klepp 2003).

Mange debattar i norske bygdeaviser dreier seg om motstand mot å integrera fleire innvandrarak og mot nye asylmottak. Det førekjem diverre og tilfelle av rein rasisme. Hausten 2009 vart ei gruppe mindreårige asylsøkjarak frå Eritrea angripne og skamslegne utan noko form for provokasjon av ein gjeng ungdomar i Kyrksæterøra i Sør-Trøndelag. I nettdebatten i etterkant var det mange som på det sterkaste tok avstand frå dette og kalla det ei skam for lokalsamfunnet, men det var og røyster som hevda at slikt måtte forventast når innvandring vart ”tvinga på distrikta”..⁶

Ei reise på landsbygda i den fattige del av verda fortel om innovasjon, kunnskap og pågangsmot. Dei økonomiske ressursane er små men tiltakslysta og oppfinnarevne enorme. Me må leggja til rette for at desse evnene skal få bløma også i møtet med den norske landsbygda. Ei slik tilrettelegging vil vera i tråd med regjeringa si påpeiking av at ”[t]ilflyttarak frå utlandet utgjer ein stor ressurs som både store og små lokalsamfunn bør ta imot og inkludere på ein god måte” (Stortingsmelding 25: 8).⁷

Oppsummering

Denne avgrensa studien avdekker først og fremst eit stort behov for både ny kunnskap og, ikkje minst, meir tiltaksorientert og målretta kunnskap om tilflytting. I Stortingsmelding 25, *Lokal vekstkraft og framtidstru*, skriv regjeringa at ” det [er] gledeleg at mange fleire kommunar har opplevd vekst i folketalet på grunn av tilflytting dei siste to åra, og då særleg frå utlandet” (Stortingsmelding 25: 8). Det er til dels påfallande at me har så lite kunnskap om desse samfunna og kva dei har gjort for å lukkast. Dei mest relevante bidraga for samfunnsutviklingstiltak på feltet tilhøyrer alle ”best practice”-tradisjonen. Denne er diverre i liten grad utbygd i Noreg, og bør stimulerast i komande forskingsprogram og tingingar på feltet. Dette handlar om kva dei som lukkast gjer og kva andre eventuelt kan læra av dette. Fokuset ligg på *kva som faktisk verkar framfor alt det som eventuelt ikkje verkar*.

Tilflytting til distrikt og bygd handlar ikkje om ”å snu flyttestraumen”, og er heller ikkje kvalitativt annleis enn tilflytting til byen. Det handlar om generell samfunnsutvikling, tilrettelegging, dialog med dei interesserte og om å gjera eigne komparative fortrinn og særtrekk kjende og tilgjengelege. I det konkurransesamfunnet me lever i, er det dei gode ideane, dei engasjerte utviklingsaktørane og staden som genuint opnar for det nye som vil lukkast (Lønning 2008).

⁶ <http://www.avisast.no/nyheter/politi/article1247947.ece> Sist vitja 04.12.09

⁷ | ein artikkel i Nationen vert det potensial innvandring utgjer for distrikta nærare drøfta: <http://www.nationen.no/nyhet/article4467537.ece> Sist vitja 04.12.09

Referansar

Almås Reidar, Marit Haugen, Mariann Villa og Johan Fredrik Rye (red.) 2008: *Den nye bygda*. Trondheim: Tapir Akademisk forlag.

Escribano, Maria Jesus Rivera 2007: Migration to rural Navarre: Questioning the experience of counterurbanization. I *Tijdschrift voor economische en sociale geografie*. Vol. 98 Issue 1.

Førland, Hanne Mari og Hans Kjetil Lysgård 2003: *Der innflytteren tas vare på. En studie av utvikling, strategisk tenkning og praktisk arbeid med inn- og tilbakeflytting i Tinn kommune*. Agderforskning: Prosjektrapport nr. 7/2003.

http://www.agderforskning.no/reports/pro03_7_innflytter.pdf

Grimsrud, Gro Marit 2000: *Kvinner på flyttefot*. Østlandsforskning: ØF-Rapport nr.13/2000.

<http://www.ostforsk.no/rapport/pdf/132000.pdf>

Grimsrud, Gro Marit 2005: *ValHall. Resultater fra en spørreundersøkelse blant unge voksne med relasjoner til Hallingdal og Valdres*. Østlandsforskning: ØF-Rapport nr. 19/2005.

http://www.valdres-nhage.no/files/forskning_fra_valdres_2009.pdf

Harang, Mathias og Britt Sørli 2007: Blilyst – konkurranse om moderne boløsninger på bygda. *Arkitektur* nr 06/2007.

Holm, Frank Egil og Egil Petter Stræte 2006: *Partnerskap for lyst og næring? Evaluering av blilyst:-) programmet i Sør-Trøndelag*. Bygdeforskning rapport 04/06.

http://www.bygdeforskning.no/dynamisk/Publikasjoner_PDF/Rapport%2004.06.pdf

Holm, Frank Egil og Jostein Vik 2006: *Leka videre: Tiltak for videreutvikling i Leka*. Bygdeforskning notat 04/06.

http://www.bygdeforskning.no/dynamisk/Publikasjoner_PDF/Notat%204.06.pdf

Johansen, Steinar (red.) 2009: "Sentraliseringens pris". *Er sentralisering et problem?* NIBR-rapport 2009:5.

<http://www.nibr.no/uploads/publications/2a5a91ccb5c8237468832a3ab686e5a2.pdf>

Klepp, Ingun 2003: *Trivsel og integrasjon blant etniske minoriteter. Ein kvalitativ studie av afghanske og somaliske flyktingar i to kommunar på Nord-Vestlandet*. Høgskulen i Volda/Møreforsking Volda: Arbeidsrapport 145.

<http://www.hivolda.no/?ID=10335&view=printer>

Lakoff, George og Mark Johnson, 2003: *Hverdagslivets metaforer*. Oslo: Pax forlag.

Lønning, Dag Jørund, 2000: *Gøy på landet? Landbruk i ei postmoderne tid*. Oslo: Det Norske Samlaget. <http://www.bokkilden.no/SamboWeb/produkt.do?produktId=120327>

Lønning, Dag Jørund (red.), 2003: *Den Norske Bygda og Den Store Verda. Om lokal utvikling i ei global tid*. Telemarksforskning-Bø.

<http://www.bokkilden.no/SamboWeb/enkeltSok.do;jsessionid=131F9E9C8AC44417F5200A>

[6A58BE98D5.node2?rom=MP&enkeltsoek=den+norske+bygda+og+den+store+verda&submit=%C2%A0](#)

Lønning, Dag Jørund 2007. *Fridomen til å skapa. Alternative historier om nyskaping og bygdeutvikling*. Universitetet for miljø- og biovitenskap, Dr. Philos. Thesis 2007:1.

Lønning, Dag Jørund 2008: Frå permanens til endring. Ein alternativ bygdeutviklingsmodell med utgangspunkt i Heraklit sine 2500 år gamle tankar. I Almås, Hauge, Villa and Rye (red.): *Den nye bygda*. Trondheim: Tapir Akademisk forlag.

Lønning, Dag Jørund 2009a: *Hamsunstaden Hamarøy. Nordmenn sine holdningar til Hamarøy i Hamsunåret 2009*. Arbeidsrapport 1001/2009, Nordlandsforskning.
<http://www.nordlandsforskning.no/publikasjoner/arbeidsnotater/hamsunstaden-hamaroy.html>

Lønning, Dag Jørund 2009b: *Ringar i vatnet. Innlevingsøkonomi og lokal utvikling i det kulturelle Hamsunlandskapet Hamarøy*. Bokbyen Hamarøy: Segelfoss forlag. Kan bestillast på: post@bokbyen-hamaroy.com

Mitchell, Clare J.A. 2004: Making sense of counterurbanization. *Journal of Rural Studies*, Vol. 20 no. 1.

Mæland, Henry 2005: *Mange vil ha, men få vil selje! Småbruk som ressurs for busetting*. Telemarksforskning-Bø: Rapport nr 222, 2005.
<http://www.tmforskbo.no/publikasjoner/filer/1073.pdf>

Nesje, Liv Mari 2008: *Flytting til og frå Bykle. Ei kvantitativ kartlegging av flyttegrunnar for folk som har flytta til og frå kommunen dei siste fem åra*. Agderforskning : Prosjektrapport nr. 5, 2008. http://agderforskning.sitegen.no/customers/agder/files/Prosj052008_Flytting.pdf

Nordisk Ministerråd, 2002. *Nöjda så in i Norden? Motiv og konsekvenser för dem som flyttat och stannat i de nordiska länderna*. København: Nordisk Ministerråd.
<http://www.norden.org/no/search?SearchableText=n%C3%B6jda+s%C3%A5+in+i+norden>

Nygaard, Vigdis, Christen Ness, Trine Kvidal 2009: *Regional utvikling, boligsosialt arbeid og stedsutvikling i Nord-Troms og Finnmark*. Norut Alta Rapport 2009/7.
[http://www.finnmark.norut.no/norut_alta_lt/publikasjoner/rapporter/regional utvikling boligsosialt arbeid og stedsutvikling i nord troms og finnmark](http://www.finnmark.norut.no/norut_alta_lt/publikasjoner/rapporter/regional_utvikling_boligsosialt_arbeid_og_stedsutvikling_i_nord_troms_og_finnmark)

Ryntveit, Anne Kirsti 2002: *Følgeevaluering av Uikantprogrammet: Befolkningsundersøkelsen 2002*. Agderforskning Prosjektrapport 25/2002.
<http://www.agderforskning.no/reports/25-2002.pdf>

Skjeggedal, T. 2000. *Attraktive tettsteder i distriktene?: analyse med tre eksempler fra Nord-Trøndelag*, NTF-rapport 2000:7. Steinkjer, Nord-Trøndelagsforskning

Skålholt, Asgeir 2008: *Motstrøms – om bulyst, demografi og arbeidsløst*. Østaldsforskning: ØF-Rapport nr. 20/2008. <http://www.ostforsk.no/rapport/pdf/202008.pdf>

Skålholt, Asgeir og Kari Bjerke Batt-Rawden, 2008: *Regionenes kamp? – om tilflyttingsprosjekter*. Østlandsforskning: ØF-rapport nr. 19, 2008.
<http://www.ostforsk.no/rapport/pdf/192008.pdf>

21 (2005 – 2006): *Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken*.
<http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/20052006/021/PDFS/STM200520060021000DDDPDF.S.pdf>

Stortingsmelding 25 (2008 – 2009): *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*.
<http://www.regjeringen.no/pages/2175012/PDFS/STM200820090025000DDDPDFS.pdf>

Sørli, Kjetil, 2009: *Bolyst og stedsattraktivitet – motiver for å flytte og bo i distriktene*. NIBR Notat 2009:111.
<http://en.nibr.no/uploads/publications/0a805206efbfe9e49128a553f8f858a4.pdf>

Vestby, Guri Mette 2003: *Ungdom sine bilde av bygda og tanker om framtida*. NIBR Notat 2003:119. <http://www.nibr.no/uploads/publications/f473f6d5677a6d4f38ab0d4a80b97bcb.pdf>

Wiborg, Agnete og Cecilie Høj Anvik 2000: *Klassiske analyser. Betingelser og barrierer for bosetting i distriktene*. NIBR Notat 2000:120.
<http://www.nibr.no/uploads/publications/ffd58ebe7bdb1d5a318c65354516b28f.pdf>

Wiborg, Agnete 2005: *Flere unge til distriktene? Muligheter og utfordringer for økt til(bake)flytting av unge voksne*. Nordlandsforskning Arbeidsnotat 1003/05.
http://www.nordlandsforskning.no/files/Notater%202005/arbnotat_1003_05.pdf

Aasbrenn, K. (1989) Uttynningssamfunnet. Det demografisk uttynnede- men ikke avfolkede-utkantsamfunn. *Tidsskrift for samfunnsforskning* nr. 5/6

Aasbrenn, K. (1993) Demografisk uttynning – marginaliseringens nordiske ansikt. *Norden utfordres – internasjonaliseringens mange regionale ansikter*. NordREFO1993:3